

## REFERAT Styremøte 2023/08 i FolkOrg

**Desse møtte:** Hilde Reitan (leiar), Camilla Granlien (nestleiar), Kristian Hanto (nestleiar), Thomas Nilssen, Tormod Kleiveland, Torfinn Hofstad, Lene Furuli og Anders Lunden Herfoss (møtande 1. vara).

Frå administrasjonen: Aslak Brimi (dagleg leiar), Liv Annette Nygjerdet er representant i styret frå administrasjonen, Live Visdal som sakhandsamar i sak 63 og 64, Solfrid Gjeldokk i sak 65 og 66, Ann Helen Erichsen i sak 67 og 68. Heile administrasjonen var med i gruppearbeidet i sak 69. Audun Stokke Hole var tilstades som sakshandsamar på sak 70.

**Tid:** Tysdag 19.9. kl. 10.00-16.00 og onsdag 20.9. kl 09.00-15.00

**Stad:** Tysdag: Møterom i FolkOrg sine lokalar i Møllergt. 39  
Onsdag: Møterom på Anker Hotell

## SAKLISTE

- Styresak 2023/61 Godkjenning av innkalling og sakliste**
- Styresak 2023/62 Rapport, orienteringar og referatsaker**
- a. Driftsrapport
  - b. Rekneskapsrapport
  - c. Orienterings- og referatsaker
- Styresak 2023/63 Oppsummering og oppfølging av Landskappleiken 2023**
- Styresak 2023/64 Oppsummering og oppfølging av Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2023**
- Styresak 2023/65 Utdeling av FolkOrgs lokallagspris til Øystre Slidre spel- og dansarlag**
- Styresak 2023/66 Årets folkemusikkarrangør**
- Styresak 2023/67 Status 100årsjubileum**
- Styresak 2023/68 Status Folkelarm**
- Styresak 2023/69 Strategiarbeid 2023-2025 (m/administrasjonen)**
- Styresak 2023/70 Strategiarbeid: Magasinet Folkemusikk og folkemusikk.no**
- Styresak 2023/71 Eventuelt**

## **Styresak 2023/61 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Styrevedtak:

Innkalling og sakliste er godkjend.

## **Styresak 2023/62 Rapport, orienteringar og referatsaker**

Styrevedtak:

- a) Styret tek driftsrapporten til orientering.
- b) Styret tek merknadane til økonomirapporten til orientering.
- c) Styret tek orienterings- og referatsaker til orientering med desse merknadene:
  - Etterlevert heidersmedlemmedalje til Sondre Bratland, og gjeve blomehelsing til 85-årsdagen hans. I denne samanheng vart det henstilt frå styret om at FolkOrg-administrasjonen får oversikt over kven som har fått heidersmedlem-medalje og kven som attstår.
  - Camilla har innlegg på Norsk sangsymposium.
  - Hilde representerte FolkOrg på Kalottspel i august.
  - Kristian og Hilde representerte FolkOrg på representantskapsmøtet til SFF og under jubileumsfeiringa i september.

## **Styresak 2023/63 Oppsummering og oppfølging av Landskappleiken 2023**

Styrevedtak:

Styret tek orienteringa om Landskappleiken 2023 til orientering med desse merknadane:

- I saksutgreiinga står det at det var ordførar som opna LK i Lom, noko som ikkje stemmer. Det var styreleiar i FolkOrg som gjorde dette.
- Ikkje søke Furestiftlesen om furestipend på LK/LF 2024.
- Administrasjonen skal arbeide for i større grad enn tidlegare å påsjå at lokal arrangør bruker kappleikssystemet til administrativt arbeid. FolkOrg-administrasjonen skal følgje opp tettare i forkant av LK og LF for å sjekke at deltakarar er i riktig klasse, registrert med riktig instrument, osb.
- Ny styresak på styremøte 1.desember om revidering av tevlingsreglementet. Administrasjonen tek kontakt med tidlegare dommarar om det er noko som er problematisk med dagens reglement i praktisk bruk.

## **Styresak 2023/64 Oppsummering og oppfølging av Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2023**

Styrevedtak:

Styret tek orienteringa om Landsfestivalen 2023 til orientering med desse merknadane:

- Tevlingar under Landsfestivalen skal kun foregå torsdag, fredag og laurdag.
- Administrasjonen tek kontakt med personar som filmar og publiserer videoar frå våre tevlingar og arrangement.
- Nestleiar Kristian Hanto i lag med dagleg leiar skriv eit innlegg til folkemusikk.no i høve ordskiptet i etterkant av LF.
- Ny styresak på styremøte den 1. desember om revidering av tevlingsreglementet. Administrasjonen tek kontakt med tidlegare dommarar om det er noko som er problematisk med dagens reglement i praktisk bruk

## **Styresak 2023/65 Utdeling av FolkOrgs lokallagspris til Øystre Slidre spel- og dansarlag**

Styrevedtak:

Anders Lunden Herfoss deler ut prisen på vegne av styret og FolkOrg på Øystre Slidre si 80 årsfeiring den 7. oktober.

## **Styresak 2023/66 Årets folkemusikkarrangør**

Styrevedtak:

Følgande tre arrangørar er nominerte til Årets folkemusikkarrangør

1. Rudi Gard
2. Telemarkfestivalen
3. TrondheimFOLK

Vinnar av Årets folkemusikkarrangør er: **Telemarkfestivalen**

Merknad: Styret og administrasjonen skal arbeide for å utvikle prisane vidare for å gjere dei meir attraktive. Administrasjonen lagar sak til styremøte på nyåret.

## **Styresak 2023/67 Status 100årsjubileum**

Styrevedtak:

Styret tek oppdateringa om status for FolkOrg sitt 100årsjubileum til orientering med følgjande merknader:

- Blomar til dei som er med på lanseringa av boka som symbolsk takk for stort og bra arbeid med boka.
- Sff skal få tilsendt jubileumboka som gåve i høve 50-jubileumet sitt.
- Forslag om å legge dagens strategimøte mai 2024 til Setesdal. Ta kontakt med lokal arrangør om dette. Forslag om å få til at SFF si danseforestillingsgave til 100årsjubileet blir på same plass/dato.
- Sende invitasjon til jubileumskonserteren til Finansminister Vedum, leiar i Musikkutvalget Sigrid Røyseng, og direktør i Festspillene i Bergen, Lars Petter Hagen.

## **Styresak 2023/68 Status Folkelarm**

Styrevedtak:

Styret tek oppdateringa om status for Folkelarm til orientering.

## **Styresak 2023/69 Strategiarbeid 2023-2025**

Ikkje noko vedtak.

Merknad: Arbeidet fortset på dei neste styremøta. Administrasjonen samansluttar notata etter gruppearbeida, og tek dette med på neste styremøte.

## **Styresak 2023/70 Strategiarbeid – Magasinet Folkemusikk og folkemusikk.no**

Styrevedtak:

Styret vedtek at det i 2024 vert gjeve ut minimum to magasiner med premiss om at aktiviteten aukast på folkemusikk.no. Det innkallast til eit ekstraordinært digitalt møte etter svar frå Kulturdirektoratets støtteordning for tidskrift og kritikk der det vert vedteke om det skal gjevast ut fleire enn to magasin i løpet av 2024.

## **Styresak 2023/71 Eventuelt**

1. Personalhandboka i FolkOrg: Etter personalmøte i juli kom det henstilling om revidering av personalhandboka. Kristian Hanto skal fyrst ferdigstille omsetjinga til nynorsk, og dagleg leiar i lag med administrasjonen arbeider seg deretter gjennom handboka, og kjem med forslag til revidering til styremøte vinter 2024.

2. Brev frå Sogn og fjordane folkemusikklag med forespurnad om FolkOrg kan arbeide for å få til ein dansevideo med folkedans i fokus til barn og unge. Det er eit ynskje om FolkOrg kan arbeide inn mot NRK for å få til dette. Styret ser ikkje råd for at FolkOrg kan ta styringa i eit slikt arbeid på eit nåverande tidspunkt. Styret gjev dagleg leiar ansvar for å svare ut forespurnaden.